

HYRDINGEN

Nr. 2

Mars 2024

ÅRGANG 66

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



God påske!



Kantor Solveig Meling Johannesen

Presten har ordet	s. 2	Ersland Yngres	s. 5	Konfirmasjonane	s. 8
Omvising på Ølen kyrkjegard	s. 2	Imsland sokneråd	s. 6	Kyrkjeboka	s. 9
Redaksjonspennen	s. 3	Vindafjord kyrkjelege fellesråd	s. 6	Gudstenestelista	s. 10
Min song	s. 3	Kantor innsett i tenesta	s. 7	Møte, arrangement og kunngjeringar	s. 11
Ølen kyrkje under oppussing	s. 4	Påskekonsert	s. 7	Brandøy og IMS Sommarfest	s. 12
Jubileumsbok for Ølen kyrkje	s. 5	Samarbeid om konfirmantarbeidet	s. 8	Leirar på Stemnestaden	s. 12



Presten har ordet

Av Dag Tormod Milje, sokneprest i Nedstrand sokn
Biskopen sin repr. i Vindafjord kyrkjelege Fellesråd



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Kontaktid etter avtale. Måndag er fredag.

Ølen og Bjoa

Vikarprest Sigfred Sørensen
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 / 488 90 359
sigfred.sorensen@outlook.com
Prostiprest-vikar Elisabeth Fauskanger

Skjold, Vats og Vikebygd

Sokneprest Torgeir Vea
Kontor: Skjold kyrkje, Kleivav. 2, 5574 Skjold
Tlf. 982 42 094
torgeir.vea@vindafjord.kommune.no

Vikedal, Sandeid og Imsland

Vikarprest Sigve Hasseløy Clementsen
Kontor: Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 957 52 858
sc833@kirken.no

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 452 21 580
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Kantor Solveig Meling Johannesen

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

post.kyrkja@vindafjord.kommune.no
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93 / Mob. 977 64 146
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96 / Mob. 917 95 875

Sokneråd, leiarar:

Skjold, Vats og Vikebygd:
Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Gunda Berge
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Anders Ledaal Bjørnestad
Imsland: Marita Kvitho Staurland

PAŠKEAFTAN 1996

Påskennattgudstenester er ein del av kyrkja sin tradisjon. Når vi budde i Paris besøkte vi ofte Notre Dame katedralen. Påskeaftan 1996 bestemte vi oss for å få med oss påske-nattgudstenesta der.

Mørket hadde lagt seg då vi i god tid skulle gå inn i kyrkja. I kyrkja var det også mørkt. Så mørkt at vi først ikkje såg noko og lurte på om vi hadde misforstått programmet. Men etter kvart som auga vande seg til mørket, såg vi at kyrkja var stappfull. Vi fann plassar langt bak og det var ei spesiell oppleveling å sitja i ei stappfull, mørklagt og stille kyrkje.

Gudstenesta starta med mektig orgelspel og inngangsprosesjon med biskopar, prestar, diakonar og andre som vi knapt kunne sjå. Men det vi såg tydelegast var at fremst i prosesjonen blei det bore eit einsleg lys, ein levande flamme, som braut mørket. Med dette eine lyset blei først alterlysa tende. Så fekk alle medverkande framme i koret tent kvar sitt lys som dei gjekk ned i midtgongen i kyrkja med. Så viste deg seg at alle (utanom oss..) hadde med seg kvart sitt lys som blei tent. Den mørklagte kyrkja blei etter kvart eit stort lyshav – tent av det eine

Oppstodedagen vert derimot omtala som lys. Evangelisten Matteus framhevar dette med ordia om at kvinnene kom når dagen lysna. Lys – mørke er sterke kontraster. Påskebodskapen formidlar kontrastar. På ulik vis har Kyrkje gjennom historia dvelt ved det kontrastfulle i påske-evangeliet. Sola som «siger over nattas mørke» og står for liv, håp og vekst. Eit symbol for kva Jesus utretta i påsken. Som vi er en del av i dag.

lyset som braut mørket. Nokon forbarma seg over oss så vi også fekk eit lys å tenna.

Liturgien som vi fekk vera med i formidla tydeleggjere enn eg har opplevd før og seinare, trua på Lyset som sigrar over mørket og dødens makt. Og at dette eine Lyset gjev lys til alle. Det er både vakkert og utfordrande at Lyset ikkje blir svakare ved å verta delt – tvert imot: Det blir sterkare.

Sentralt i påsken sin bodskap er Jesu siger over døden. Ein måte å forstå det på er Lyset som sigrar over dødens mørke.

Evangeliet etter Lukas fortel at når Jesus hang på krossen og døde, kom det eit mørke over hele landet. Sola var borte.

Oppstodedagen vert derimot omtala som lys. Evangelisten Matteus framhevar dette med ordia om at kvinnene kom når dagen lysna. Lys – mørke er sterke kontraster. Påskebodskapen formidlar kontrastar. På ulik vis har Kyrkje gjennom historia dvelt ved det kontrastfulle i påske-evangeliet. Sola som «siger over nattas mørke» og står for liv, håp og vekst. Eit symbol for kva Jesus utretta i påsken. Som vi er en del av i dag.

Omvising på Ølen kyrkjegard Frå gudehov til stavkyrkje

Tysdag 5. juni kl. 18.00.

Den 5. juni inviterer Ølen og Bjoa historielag saman med Ølen og Bjoa sokneråd til vandring og omvising på Ølen kyrkjegard. Noverande og tidelegare kyrkjer i Ølen er i særleg fokus dette jubileumsåret for Ølen kyrkje. Historikar Anders Haugland har sett seg mykje inn i historia for kyrkjene i Ølen i samband med arbeidet med jubileumsboka og vil leia omvisinga. Han vil visa kor stavkyrkja sto og kor den gamle krypten eller gravkammeret låg. Ein vil få høyrta

Mvh Kari Vik Stuhaug

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

Eg sit her og ser ut på ein fin vårdag. Har hatt meg skitur i fjellet i helga. Korleis våret er når Påske-dagane kjem, kan eg ikkje vita. Det er ennå tre veker igjen til Hyrdingen kjem ut i posten. Likevel så veit vi at påskedagane er fridagar for mange. Kanskje du skal på hytta, eller får tid til å reisa og besøkja familien din? Nyt dagane. Gle deg over dei positive detaljane du kan sjå innimellom det travle. Ta tid til å vera saman med dei som betyr noko for deg.

Om du skal til fjells eller er heime, så ringjer kyrkjeklokken over heile landet. Du får lov å koma inn sjølv om du ikkje har vore i nett denne kyrkja før. Det er ikkje eit krav at du skal delta aktivt, men du får lov. Sitja ned ein time, kanskje på bakarste benk eller ved sida av ein nabo eller ven? Lytta til songen og musikken, orda som presten skal bera fram. Og vert det invitert til kyrkjecaffi etterpå, så er det for at du skal kunna stoppa igjen litt etterpå. Kanskje få stå av ein prat med ein av dei andre?

Vil du på tur på dagtid, så kan du søndag 24. mars delta i friluftsgudsteneste på Fjellstøl i Sandeid kl. 11.00. Skjærtorsdag 28. mars er det gudsteneste i Arken i Vats kl. 19.00 og på Kyrkjetur i Ølen same tid. Langfredag songgudsteneste i Vats kl. 19.00. Meir finn du på side 10. Velkommen inn!

God påske!

Støtt Hyrdingen - VIPPS 531472



Min song

Presentert av Anne Kristine Andersen

Eg er så heldig å ha vaks opp i ei tid der songen var sjølv-sagt både i skulekvardagen og i dei fleste aktivitetar på fritida. Heime var det og mykje song og musikk, og mamma slutta ofte dagen av med å setja seg til orgelet. Det var god sovemedisin. På søndagsskulen var også songen sentral og det er mange av dei songane som endå kan dukke opp når eg går og syng for meg sjølv.

Eg var og ein ivrig speidar, og songen var sjølv sagt på alle samkommer, både patruljemøter, troppsmøter og turar, så eg trur nesten eg må velja ein song frå speidarsongboka. Mine finaste minner frå den tida trur eg må vera kveldane kring leirbålet når alle var samla og roen senka seg over leirområdet etter travle og innhaldsrike dagar. Det er ofte desse songane som dukkar opp i minnet mitt, både når eg er ute og går tur, eller eg sit ute ein sein sommarveld. Det er vanskeleg

å velja ein av dei mange songane, men ei helt spesiell oppleving eg hugsar var på landsleir i Seljord i 1974, då 3500 speidrar var samla til leirbål og song saman. Der sat me med leirbålskappane godt rundt oss og var ein del av det store fellesskapet. Den roen og tryggleiken då siste tonane stille ebba ut samstundes som bålet slokna var nesten ubeskri-veleg. Gode minner som varer!

I den mørke kveld

T+M: Anne M. Brodal



I den mørke kveld
lyser bålets glør
på en gammel vei
vi har vandret før.

Mot den fjerne kyst
der det taupe savn
i mitt eget bryst
finner fredens havn.

Ved et gammelt kors
der all synd og skam
i et fattig liv
slettes ut av Ham.

I den mørke kveld
lyser bålets glør
på en gammel vei
vi har vandret før.



Anders Haugland auser av sin kunnskap om gamle kyrkjer og kyrkjevegar den 5. juni.
Foto: Kari Vik Stuhaug



Bumerket i våpenhuset er å finna i uthuset på kyrkjegarden». Foto: Anders Haugland



Nerheimsteinen
blei funnen som
helle over ein bek
på kyrkjevegen
og kan daterast til
rundt år 1000.

Ølen kyrkje under oppussing

Tekst og foto: Harald Helberg

Etter eit omfattande forarbeid vart oppussinga av Ølen kyrkje sett i gong no på nyåret. Kyrkjerommet skal malast i fargar som er inspirert av fargane som var i kyrkja då ho var nybygd. Ei ommøblering skal gjere rommet meir ope. Planane er klare, men arbeidet med å pusse opp kyrkja har også bydd på både overraskningar og økonomiske utfordringar.

Det har vore ein aktiv start på året for Ølen kyrkjelyd. Medan kyrkja er stengt for å pusse opp har Kyrkjetunet opna dørane for gudstenester der. Leiar i Ølen og Bjoa sokneråd, Gunda Berge, fortel til Hyrdingen at samarbeidet med Kyrkjetunet går veldig fint og at prestane ønskjer å ha kyrkjekaffi kvar gong.

Arbeidet så langt

Ølen og Bjoa sokneråd har laga eit skriv med status for arbeidet, og det følgjande er basert på informasjonen derifrå.

Året starta med at kyrkjebenkene vart flytta ut. Veka etter starta malingsfirmaet arbeidet med å reingjere og sparkle vegger. Malingsarbeidet starta straks etterpå og no er det snart berre golvet som står att. Maling av våpenhuset vart tatt ut av anbuddet for å spare kostnader. Likevel kjem denne delen av kyrkja til å bli mala på dugnad og arbeidet er godt i gang.

Då innerrammene til vindauge i kyrkjeskipet vart tatt ut for å få vaska dei, viste det seg at innsida var svært fuktig og at det låg eit tjukt lag med våt sørpe nedst i karmen. Som følgje av dette vart det bestemt å ta ut yttervindauge for høgst nødvendig vedlikehald.

Vidare er golvteppa i kyrkjeskipet fjerna og det blir sett på moglege erstatningar.

Arbeidet vidare

Soknerådet har fatta vedtak om å flytte preikestolen. I tillegg blir det nokre bygningsendringar for å opne opp mellom kor og kyrkjeskip. Kyrkjebenkene, som er lagra på ei anna adresse i nærlieken, skal malast før dei skal tilbake igjen.

Kyrkja skal få ny hovuddør, og



Ølen kyrkje stengd for oppussing og vindauge er tekne ut.



Benkene er fjerna og målararbeidet er i full gong.

dørene til naudutgangane skal bytast ut og bli breiare. Det er også planlagt tiltak i sakristia.

Økonomi

Lars Dalen leia prosessen med å planlegge oppussinga og følgjer sjølv arbeidet tett. Han skriv i ein e-post til Hyrdingen om ein utfordrande økonomi, og at det manglar midlar til å få gjort alt som bør bli gjort. Vidare skriv Dalen at soknerådet har tatt på seg svært mykle dugnadsarbeid. Difor er det òg behov for fleire dugnadspersonar og det er behov for økonomiske gaver for å finansiera det som soknerådet har tatt på seg.

Mange gjeremål og overrasking til

Vil du vera med på dugnad i Ølen kyrkje?

Ta kontakt med:
Bjørn Asgeir Lunde
Mobil: 901 55 855

Vil du gi ei gáve til oppussinga?
Send gáva til: 3240.16.25215
VIPPS:
81196 (Kyrkejubileum Ølen)

Jubileumsbok for Ølen kyrkje 150 år tek form

Tekst: Kari Vik Stuhaug
Foto: Harald Helberg

Det finst mange interessante historier frå livet i og rundt kyrkja. Den kristne trua har i meir enn tusen år forma det norske samfunnet.

Jubileumsboka for Ølen kyrkje som skal feira 150 år frå 3. til 10. november, trekker trådane langt tilbake. Midt på 1800-talet blei det funne ein runestein som helle over ein bekk i den gamle kyrkjevegen. Den hadde også krossen hogd inn, og kan truleg daterast til rundt år 1000.

I boka finst andre godbitar som smågutane som leita etter skattar under det gamle kyrkjegolvet – og fann ein prest. Og historier om bygdefolket i Ølen og Ølensvåg som gjorde opprør både mot lensmann og prest på 1800-talet. I tillegg til soger om sjølve kyrke-



Boknemnda er samla til eit av sine mangemøte. No er det snart siste handa på verket.
Frå venstre: Eva Møllerhaug, Anders Haugland, Guri Ravatn, Olav Granberg, Torstein Haugen, Leiv Karsten Medhaug, Kari Vik Stuhaug

bygga – stavkyrkjer før den som no skal feirast, har også skildringar frå kristenlivet i soknet dei siste tiåra fått plass i boka. Barnekor, Kyrkjetunet, kyrkjemusikalsk arbeid og innvandrar treff mellom mykje anna. Boknemnda har allereie vore i arbeid i nærmere tre år, og kom i stand etter initiativ frå det dåverande soknerådet. Ved spørsmål om samarbeid med Sogelaget fekk boknemnda historikar Anders Haug-

land med på laget, og han tok på seg arbeidet med å vera redaktør. Professor Nils Olav Østrem (frå Skjold) har også bidratt til boka og vore konsulent. Elles er arbeidet med boka i det store og heile på dugnad. Ivgig arbeid med søknader om støtte og sponsing har gjeve vel 200 000 kroner, og med salsinntekter reknar boknemnda å koma i hamn med prosjektet. Lanseering er planlagt å skje i september.

40 år med yngres-arbeid i Skjold! Ersland Yngres

Tekst: Trygve Sandvik
Foto: Anne-Margrete Hjelmeland Gregersen

I 1983 starta Anny og Arnold Waraa med yngres-arbeid på bedehuset på Ersland for born frå 4. klasse og oppover. I alle desse åra har born, først og fremst frå Erslands-krinsen, men også frå dei andre krinsane i Skjold, funne vegen til bedehuset annankvar måndagskveld. Yngres arbeid – kva går dette ut på?

Spør du borna, vil vel dei fleste svara at her får me gjera noko som er kjekt, det vil seia å gjera noko med hendene så som å laga ymse trearbeid, pussa og måla desse, og støyna ljós eller perla. Halvfabrikata og gjenbruksartiklar vert også nytta, og resultatet vert fine produkt som kan loddast ut på den årlege basaren.

Men yngresarbeid er meir enn dette. Ein leik eller ein aktivitet er eit fast innslag, likeså ein andakt. Og borna storlivest. Frå kl. 19.00–20.30 på samlingskveldane er aktiviteten høg, og her finn borna seg til rette. Om lag



Yngres-aktivitetar: Amalie Øvrevik, Odine Vaksvik og Solveig Haugen.

10 born samlast på bedehuset desse kveldane, men talet har variert noko, tidlegare var det fleire.

Anne-Margrete Hjelmeland Gregersen er ansvarleg leiar for yngresgruppa. Med seg har ho Kirsti M. Hjelmeland og Karianne Dagsland.

Anne-Margrete er fødd og oppvaksen i Erslands-krinsen, og ho har sjølv vore medlem i yngresgruppa slik at ho kjenner godt til oppleget som har vore det same frå starten av. Kirsti og Karianne er innflyttarar som har funne seg godt til rette med dette fritidstilbodet.

Alle er opptekne av å gi borna ei god ballast vidare i livet ved å la dei få bruka hendene sine til praktiske sysler, ved å få leika seg og ved å få høyrta Guds ord.

Siste året har leiarane hatt god hjelp av og fått nye impulsar frå Margaret Vatland, Marit Øysæd og Inger Anne Lothe.

Kvart år arrangerer «Yngres» på Ersland basar. Då vert produkta som er laga utover hausten og vinteren, loddar ut. Dette har vore og er ein populær basar, og resultatet har kome opp i 30–35 000 dei siste åra. Overskotet har ofte vore delt mellom Normisjon og Stemnestaden på Grinde i Tysvær. Men andre føremål kan og vera aktuelle.

Erslands Yngres er eit barnelag med tradisjon i krinsen, og 40-års jubileet viser at engasjementet framleis er til stades. Hyrdingen ynskjer lukke til med arbeidet vidare.

Imsland sokneråd

Tekst: Trygve Sandvik
Foto: Marita Kvitno Staurland

Denne gongen presenterer vi det nye soknerådet i Imsland. Dei kom saman og konstituerte seg i god tid før jul, fortel den nyvalde leiaren, Marita Kvitno Staurland.

Dei som er med i soknerådet i tillegg til leiaren, er: Jolaug Sæle Kaldheim, nestleiar og representant for FUT (Felles utsval for trusopplæring); Marit Øverland Iistad, sekretær; Bodil Imsland, kasserar; Lars Bernhard Skipevåg, representant til Fellesrådet; Gro Anita Aartun Imsland, 1. vara-representant.

– Imsland sokneråd er eit lite sokne-råd. Aktiviteten er ikkje så stor, men det er viktig for det kristne arbeidet i bygda at soknerådet fungerer godt, fortel Marita, som nemner at soknet har eit godt samarbeid med sokne-råda i Vikedal og Sandeid. Dei har to faste felles-møte i året, vinter og sommar/haust.

Planar og visjonar for soknerådet for året og framover, har dei ikkje fått drøfta enno, men Marita vil først og fremst følgja opp dei aktivitetane som dei har hatt tidlegare år. Dette er mellom anna å få til basaren på



Frå venstre: Fungerande sokneprest Signe Hasseløy Clementsen, Marita Kvitno Staurland, Bodil Imsland, Jolaug Sæle Kaldheim, Marit Øverland Iistad. Ikke til stades på biletet: Lars Bernhard Skipevåg, Gro Anita Aartun Imsland.

bedehuset ved Imslandsjøen til sommaren og å skapa til fest for gullkonfirmantane på bedehuset når det er Imsland sin tur. Dette går på omgang mellom Vikedal, Sandeid og Imsland. Og det er viktig få god oppslutning om trusopplæringa. Særleg er ho oppteken av å få unge ektepar med i kyrkjeleg samanheng gjennom dåpsopplæringa, slik at foreldra er med/støttar opp om borna i det kyrkja tilbyr. Korleis dette kan gjerast, vil ho ta opp i soknerådet. Elles vil det vera ønskjeleg å skapa til konsert i kyrkja.

Imsland kyrkje har god akustikk og i så måte kan dette la seg gjera.

Når det gjeld påkostnader/vedlike-hald på kyrkjeleg eigedom, har ikkje det nye soknerådet fått sett noko på dette enno, men det har vore på tale å få til rullestolrampe til toaletta i bårehuset. Dette er ei sak som må drøftast i soknerådet. Marita og mange med henne, ønskjer at det må koma meir folk på gudstenestene i Imsland.



Frå venstre: Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd, Harald Olav Stuhaug, Sandeid, Ola Alne, Ølen og Bjoa, Asle Dagsland, Vindafjord kommune, Bjørghild Vethus, Vikedal, Malin Eidhammer Krakk, (vara-medlem), Skjold, Vats og Vikebygd, Inghart Lasse Tveit, kyrkjeverje, Karianne Dagsland, Skjold, Vats og Vikebygd, Lars Bernhard Skipevåg, Imsland og Dag Tormod Milje, geistleg representant, fung. leiari.

Vindafjord kyrkjelege Fellesråd

Tekst og foto: Steinar Skartland

Soknerådet kjener du nok. Dei var du kanskje med på å velja inn i fjor haust. Dei er lokale og frå di bygd / sokn. Vi kan enkelt seia at dei skal ha ansvar for «livet i kyrkjelen». Trusopplæring, diaconi og kyrkjemusikk mm. Men kven er Fellesrådet? Jo, alle sokneråd vel ein utsending til Fellesrådet. I tillegg vel kommunestyret ein og biskopen ein. Dei skal m.a. ha ansvar for bygg og eigedommar, og i tillegg vera arbeidsgjevar for dei kyrkjelege tilsette utanom prestane. Dette utøver dei gjennom kyrkja sin daglege leiari (kyrkjeverja). Biskopen sin representant i Vindafjord kyrkjelege Fellesråd er Dag Tormod Milje, sokneprest i Nedstrand. Denne våren er han fungerande leiari, då leiaren, Steinar Sørhus, er på Madagaskar.

Kantor innsett i tenesta

Tekst og foto: Steinar Skartland

Det var høgtid i Skjold kyrkje då den nye kantoren offisielt vart innsett i tenesta. Ho hadde plassen på orgelkrakken under gudstenesta, og ved sida hennar var ei forsongargruppe i aktivitet.

Kantoren tok til i tenesta rett over nyttår, men søndag 4. februar kunne sokneprest, Torgeir Vea, stå for innsetjinga av sin nye kollega i tenesta, under ei felles-gudsteneste for Skjold, Vats og Vikebygd. Etter kungjerringane kunne leiari av soknerådet, Sunniva Tveit Gregersen, kungjere at kyrkja har fått ein ny medarbeidar:

– Kantor Solveig Meling Johannesen er kalla til tenesta som kantor i Vindafjord kommune og med handspålegging og bøn skal ho i dag bli innsett.

Deretter las kyrkjeverje, Inghart Lasse Tveit, opp ei helsing frå fungerande biskop Rune S. Engedal:

– Biskopen i Stavanger bispedømme sender kyrkelydane i Vindafjord si helsing. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Fader, Herren Jesus Kristus. I kraft av tilsynsembetet mitt gjer eg kjent for dykk alle at Solveig Meling Johannesen er vigsla til kantor i Den norske kyrkja, og er no kalla til kantor i sokna i Vindafjord. Med vigslinga har ho lova å gjera kantoreneste etter Guds ord og dei ordningane vår kyrkje har, og leggja vinn



Kantor Solveig M. Johannesen ved orgellet der ei forsongargruppe leier salmesongen.

på å leva etter Guds ord og trengja djupare inn i den Heilage skrifta og den kristne trua. Så bed eg dykk: Ta imot Solveig Meling Johannesen som dykker retteleg kalla kantor. La oss ta i mot henne i kjærliek, bere henne fram for Gud i bønene våre, og stå saman med henne i forsoningstenesta. (...)

Også kyrkjeverja ville ønskja sin nye medarbeidar velkommen til tenesta i Vindafjord, før det var tid til forbøn for kantoren, knelande ved altarringen. Soknepresten la handa si på henne medan soknerådsleiaren las forbøn.

Under gudstenesta fekk vi glede av å høyra tonane hennar både frå kyrkjeorgelet og flygelet. Det er godt



Sunniva T. Gregersen les forbøna for kantor Solveig Meling Johannesen.

å vita at vi nå igjen har fått ein fast medarbeidar i det kyrkjemusikalske arbeidet.

Påske – ei vandring frå palmesundag til påskemorgon

Norheimsund og Øystese Ungdomskor er på konsertturné 21.–26. mars 2024.

Konserten koret framfører har fått namnet «Påske – ei vandring frå palmesundag til påskemorgon». Gjennom musikk, tekstformidling, lyssetjing og bruk av bilete vert publikum teke med på ei vandring frå palmesundag til påskemorgon. I år støttar koret eit Normisjon-prosjekt i Mali i Vest-Afrika.

Koredlemmene er i alderen 13–19 år. Dirigent for koret er Vidar Sangolt frå Norheimsund i Hardanger.

Bandbesetningen består av piano, synth, gitar, bass, trommer, perkusjon og trombone. Koret har 30 songarar. Konserten er gratis.

Velkommen på konsert!

Søndag 24. mars kl. 19.00: Aksdal kyrkje
Måndag 25. mars kl. 19.00: Sandeid kyrkje



Norheimsund og Øystese
UNGDOMSKOR
2023/2024

Samarbeid om konfirmantarbeidet

Av Britt Karstensen

I konfirmantåret 23-24 har det vore eit tett samarbeid mellom Ølen og Bjoa kyrkjelyd og Vågen bedehusforsamling om konfirmantarbeidet med m.a. konfirmantleir og samlingar i lag. For det meste har kateketen (- som vikar for ein manglande sokneprest...) hatt hovudkontroll på undervisninga, men nokre gonger har leiarar frå bedehusforsamlinga hatt regien.

Me har også delt på ansvaret for dei valfrie gruppene, og her har konfirmantane fått velje fritt uavhengig av kyrkjelihørsle. Gudstenester/møter har dei så tatt del i der dei skal konfirmerast.

Samarbeid har det i stor grad også vore elles i bygdene våre, - her er MANGE FRIVILLIGE som har stilt opp

som leiarar på leirane, med grupper, på undervisningssamlingar og med praktisk hjelp. De fortener verkeleg ein STOR TAKK for tida og engasjementet de har lagt ned i arbeidet for å gjere konfirmanttida god og meiningsfull for ungdomane! Utan dykk hadde det ikkje vore halvparten så kjekt!

No nærmar det seg den store festdagen, og me ynskjer Guds gode velsigning over dagen og framtida for alle konfirmantane i Vindafjord og familiane deira!



Konfirmant - ill.foto:
Von kommunikasjon / Den norske kirke.

Konfirmasjonane

Skjold kyrkje
Laurdag 27. april kl. 11.00

Ailo Ersland Byrkja
Casper Haraldseid
Erla Oppedal
Inger Marie Velde
Ingrid Nesheim
Kristina Håvardsholm
Lena Hjelmeland Gregersen
Stina Halleland
Theo Nilssen
Vanessa Andersen Dyrseth
Vilde Johannessen

Skjold kyrkje
Laurdag 27. april kl. 13.00

Even Bauge
Lars Langeland
Lindy Fludal

Mia Seline Kjærland

Michelle Nordtveit

Norah Rindahl Hansen

Oliver Sørhus

Serine Haraldseid

Tobias Nesheim

Vikebygd kyrkje

Søndag 28. april kl. 11.00

Eirik Andersen Sætre
Elsa Lovise Fisk Eide
Heine Tjoflot Nes
Leona Maria Langhelle Vik
Linnea Liidden

Maria Stene Bauge
Thomas Dagsland Dommersnes

Tonje Ruud Hetland

Sandeid kyrkje

Søndag 12. mai kl. 11.00

Eiril Stople Enge
Hedda Kvinnesland

Tilda Håheim
Wilhelm Helgevold

Nedre Vats kyrkje
Laurdag 4. mai kl. 11.00

Alva Innvær
Birk Djuve Jekteberg
Christian Børre Viana Nortveit
Hannah Nygård
Johann Eikesdal
Jørgen Eide
Lena Nesheim Urdal
Ola Vannes
Rasmus Sandvik
Severin Skjold
Vivil Enéh Austestad

Vikedal kyrkje
Søndag 5. mai kl. 11.00

Andrea Espenvoll Leifsen
Knut Ole Eikeland
Leah Bakkedal
Marian Haraldsen Ræstad
Mathilde Ur Antonsen
Milla Elise Ørnrs
Mina Grimås
Nikolai Nesheim
Otilie Matre
Sofie Holten Leifsen
Tonje Halleraker

Imsland kyrkje

Laurdag 11. mai kl. 11.00

Celine Rønnevik
Kasper Mo Rønnevik

Vågen bedehusforsamling

Laurdag 27. april kl. 11.00

Emil Johan Brekke
Sina Rebekka Koch

Bjoa kyrkje
Laurdag 4. mai kl. 11.00

Amund Rambjørg
Even Knutsen
Frida Eikehaugen
Turid Vivelid

Ølen/Ølensvåg i Bjoa kyrkje
(pga. oppussing av Ølen kyrkje)

Laurdag 27. april kl. 11.00

Astrid Ersland Hellås
Celina Hegge Nesland
Dina Kvamme Fedje
Ida Celine Ferkingstad Staknes
Isabell Vågen
Jørgen Blikra Johansen
Markus Grønnestad-Lunde
Martine Heggebø
Rebecca Steging Hustveit
Sara Vik
Thomas Vik

Laurdag 27. april kl. 13.00

Alexander Berge
Dominic Matei Pacurar
Ewa Emelia Carnerö
Ine Hundhammer
Otilie Matre
Leander Skålnes Solheim
Live Vårvik Matre
Tiril Dalaker Miljeteig

Søndag 28. april kl. 11.00

Jendine Erichsen Østebøvik
Celina Langeland Schneekloth
Christian Eikesdal
Kristina Vedholm Heggen
Lise Marie Steinsvik Hundhammer

Michelle Sønderå-Maage
Nora Lunde
Oliver Olsen Ulset
Solfrid Lønning Haaland

GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.


www.skattkjaer.no

Skattkær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



Knapphus BIL

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK

Haugesund Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



joker

Vikebygd Landhandel AS
Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - wwwolenbetong.no

Ølen auto

-tsrevisjon-
Karmsundsgata 4 – 4250 Kopervik



GRANBERG GARVERIA

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

FRÅ KYRKJEBOKA OG KUNNGJERINGAR

	Døypte	Døde
Ølen	11.02.24 Kasper Kringeland Kolås	18.01.2024 Bjørg Målfrid Vågen f. 1936
Vikedal	18.02.24 Silja Eikeland 18.02.24 Sigrid Hundseid Vikedal	
Vats	07.01.24 Jaran Kåsen Rødde 07.01.24 Jesper Stokkedal-Strand 21.01.24 Lara Tvedt Frøland	08.12.23 Olav Nygård f. 1955 23.12.23 Magnhild Gjerde f. 1928 30.12.23 Kjellaug Alvseike f. 1932 16.01.24 Solveig Hatteland f. 1925 19.01.24 Arthus Torleiv Olsen f. 1946
Skjold	18.02.24 Georg Holmvik Habbestad 18.02.24 Ellinor Ohm Rughtveit	25.01.24 Rigmor Elise Osnes Vik f. 1943 26.01.24 Karoline Taraldsøyf. 1972
Bjoa	03.12.23 Elvira Waage Frøland 03.12.23 Magne Bøygard Miljeteig	29.12.23 Johan Henry Johansen f. 1935 04.01.24 Alvild Gurine Lysen f. 1933

KUNNGJERING

Misjonscafé på Ersland bedehus

Laurdag den 6. april kan du eta laurdagsgrauten din i gildt lag saman med nabobar og andre kjente eller ukjente. Kaffi og kaker er det og råd å få kjøpa. Det vert åresal, og du kan kjøpa med deg ulike bakverk heim. Kafeen opnar kl. 12.00. Velkommen!

Arr.: NMS-foreninga.

Brandøy og IMS Sommarfest

Tekst og foto: Annbjørg N. Våge

På Brandøy Misjons- og konferansesenter på Bjoa er det no vårleg og fint, og full aktivitet ute og inne i helgene!

IMS har rundt 15 leirar/arrangement gjennom året. Dei andre helgane leiger vi ut til forsamlingshelger, konfirmantleirar, slektstreff, bryllaup og så vidare. Vi leverer også ein del catering lokalt. Så dagane er varierte, og det er flott å få sjå at mange barn, ungdom og vaksne er innom gjennom året.

I løpet av vårmånadene blir det leirar for dei fleste aldersgrupper, og ny sesong med leirar kjem igjen alt til sommaren! Leiarar og deltakarar kjem frå store delar av Sunnhordland, Vindafjord og andre nabokommunar. Mange reiser hit igjen og igjen, og nokon kjem for første gong. Leir er ein flott moglegheit til å prøve seg litt «alleine» heimefrå, omgitt av mange flinke leirleiarar. På bibelsamlingane får ein med seg noko viktig frå bøkenes bok - Bibelen. Kanskje får ein også nye veneir på leir?

Utanom leirane går livet på Brandøy i ein meir eller mindre jamn rytme med vasking og matlaging, loddosal, dugnadshjelp, litt administrativt, og andre typar helgearrangement. Nyleg hadde vi kronerulling til inntekt for nye varmepumper i møtesalen og aktivitetshallen. Målet var å samla inn 50 000 kr på ein månad, men summen vart 51 200 kr på mindre enn éi veke! Vi er glade for å ha mange hjartevarme menneske med på laget!

Helga 14.–16. juni 2024 blir det igjen IMS Sommarfest, og det vart i alle fall fjarårets store høgdepunkt! IMS Sommarfest er vel på ein måte ein av dei positive effektane med koronapandemien. I åra med restriksjonar måtte IMS sitt årsmøte vera berre for dele-



Brandøy Misjons- og konferansesenter, Bjoa.

gatar, utan «Sommarens storsamling» med storsamlingar og barneopplegg rundt årsmøtet. IMS bestemte også på det siste av desse «korona-års-møta» at ein ville fortsetja å ha årsmøtet ei eiga helg, og storsamlinga rundt årsmøtet ei anna helg. I år vert IMS Sommarfest på Brandøy 14.–16. juni. Det vil då ikkje bli den tradisjonelle «Brandøy-helga» i august. Men alle lokale Brandøy-vener er velkomne på IMS Sommarfest! Den er open for alle, uansett om ein høyrer mest til IMS, andre kristne organisasjonar, er Brandøy-ven eller berre er nysgjerrig på å sjå plassen yrande full av liv! Vi held storsamlingane i telt på grusbanen for å ha god plass til alle.

Målet er at det skal vera kjekt for dei yngste å komma på IMS Sommarfest, og helga er derfor tilrettelagt

spesielt for barn og ungdom. Barn i skulealder får mellom anna eigne samlingar med Viggo Klausen, ein svært inspirerande og dyktig formidlar av Guds Ord for barn og unge. Elles blir det misjonstivoli med hoppeslott, bungee run, fotballdart, ansiktsmalning og masse anna kjekt! Ungdomsarbeidarane i IMS står for eige ungdomsopplegg, og barne- og familiearbeidar i IMS vil ha kjekke samlingar for barna under skulealder!

På føremiddagane laurdag og søndag vil Vidar Mæland Bakke bidra med tale under «bibel og fellesskap» i teltet. Han er til dagleg prest i By-Menigheten Sandnes, og han er også forfattar.

Sjå datoar for leirar på Brandøy side 10

Leirar på Stemnestaden leirstad

Påmelding og meir info om leirane finst på checkin.no, søk på leirnamnet. Følg gjerne med på Stemnestaden leirstads Facebook-profil, der vert arr. lagde ut.

Minileir Stemnestaden 2024

19. april kl. 18.00–21. april kl. 14.00.
Aldersgruppe 4–7 år i følge med vaksne

Sommarleir Stemnestaden 2024

14. juni kl. 18.00–16. juni kl. 14.00.
Aldersgruppe 2.–4.klasse

Påskefest: 1.april–2.påskedag
kl. 18.00 Tale av regionleder Thomas Thesen, Song av Ingrid H. Landro.
God kveldsmat

Stemnestaden-fellesskapet:

Familiesamling 21.april kl.16.00
Andakt, song, bønevandring. Etter møtet er det hoppeslott, ope leikerom og mat/kaffi/saft

Fellesskapssamling for vaksne 14.april kl. 19.30. Tale, song, bønevandring. Vi avsluttar med enkel kveldsmat

Familiedag 20.mai (2.pinsedag) Varme grillar frå kl. 14.00. Ta med grillmat. Kl.15.00 Konsert m/Stemnestaden barnekor og Soulchildren-kor, andakt, aktivitetar for små og store. Ta med kaffimat som vi set på eit felles kakebord.

Andaktstelefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 6. juni.

Frist for levering av stoff er 6. mai.